

Formannskapet si handsaming av sak 95/2024 i møte den 28.11.2024:

Handsaming:

Fellesforslag budsjett og økonomiplan 2025-2028 frå AP/SP

Drift 2025:

Den totale driftsramma skal reduserast med 3 millionar (måltall) etter at kommunedirektøren har lagt fram forslag til kutt (samt konsekvensar) i det fyrste ordinære kommunestyremøtet i 2025. Forslaga må vere drøfta med tillitsvalde.

Ekstra løyving til Frivilligsentralen/BUA på 50.000,- mellom anna til innkjøp av utlånskort til Brokke Alpinsenter/Bortelid alpinsenter, eller andre passende tiltak og utstyr. Ordninga skal vere forbeholdt innbyggjarar opp til 18 år, som er busett og folkeregistrert i Bygland kommune. Dekning: Disposisjonsfond.

Røysting over 1. punkt: Samrøystes

Røysting over 2. punkt: Samrøystes

Bygland Kyrkjelege Fellesråd:

Formannskapet ber om eit konkret kostnadsbilete for reparasjon av taket på Årdal kyrkje, samt kor kritisk tilstanden på taket er. Kommunestyret tek stilling til dette ila 2025.

Formannskapet tek stilling til Austad kyrkje på Tveit etter at forprosjektet knytta til «kulturkyrkja» har avklart investerings- og driftsbehov.

Røysting: Samrøystes

Startlån:

Vidareutlån blir auka med kr 27.000.000 ("utgift"). Bruk av lån til vidareutlån blir auka med kr 27.000.000 ("inntekt").

Kommunedirektøren legg fram ei sak med konkretisering av korleis og av kven startlån skal handsamast for å sikre at ordninga blir effektivt og profesjonelt handtert. Saka må bli lagt fram for kommunestyret på fyrste ordinære møte i 2025.

Røysting: Samrøystes

Framlegg frå Kjell Rune, Høgre: Ein ber om av vi i løpet av 2025 får ei sak på leigeavtalar/alternativt sal av Stoga og Brygga.

Røysting: Framlegget fekk 4 røyster. Tor Kasin røysta mot.

Investeringsbudsjettet:

Fjerne 4 millionar til områdeløft Byglandsfjord.

Legge inn 3 millionar til Pakkbua i **2025**.

Legge inn 100.000 til ny «bu» (lager) ved Brygga kafè.

Selge bilen som blei kjøpt inn til flyktingetenesta.

Innspill til handlingsplanen:

Kommuneplanen sin handlingsdel kap 5.

Side 47 under Helse og omsorg ønsker vi et punkt om boligsosialt arbeid. Mellom «Helse og levekår» og «Flykninger»:

Boligsosialt arbeid:

Kommunen skal utarbeide oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskeligstilte på bustadmarknaden. Det som omhandler nemninga vanskeligstilte, vil vere samansatte livssituasjonar med sosiale, økonomiske og helsemessige utfordringar.

Me skal legge tilrette for gode busituasjonar som eit utgangspunkt for å meistre livet. Her må me lage langsiktige mål, tiltak og verkemidlar som til dømes økonomiske og fagleg ressursar til arbeidet, samt kvar skal oppgåvene løysast. Me skal legge til rette for god samhandling på tvers av einingane, for å kunne møte innbyggjarane med ei heilskap og koordinert bistand.

Framlegg frå Høgre

Prosjekt 40006: Straumberedskap Fjordtunet (tidl. Sagmoen) blir sett i 0

Prosjekt 50006: VA-ledningar for påkobling av nye abonnentar blir sett i 0

Prosjekt 50007: VA Presteneset blir sett i 0

Prosjekt 50008: Vassleiding Åraksbø - Ose blir sett i 0

Prosjekt 50009: Barriere Bygland vannverk blir sett til 1 000 000 i 2025

Prosjekt 50010: Barriere Byglandsfjord vannverk blir sett til 1 000 000 i 2026

Prosjekt 70000: Turveg Byglandsfjord blir sett til 2 500 000 i 2025 og 475 000 i 2026.

Kommentar: Ein vil endre trasè for stien ved at bryggeanlegg forlenges ned til undergang og at det legges opp til båtplasser. Dette vil gi en ekstra effekt for bygda med tilgjengelige plasser og båtforeningen overtar vedlikeholdet av denne delen av stien. Ingen til å miste i dette prosjektet.

Prosjekt 70006: Ladepunkt v/kommunale bygg blir sett til 0

Prosjekt 70007: Utsmykking rundkøyring i Bygland blir sett til 125 000 i 2026

Prosjekt 70017: Målretta ENØK-tiltak blir sett i 0 heile perioden

Prosjekt 70021: Prosjektering styrkerom Årdalshallen blir sett til 1 500 000 i 2025

Prosjekt: 70030: Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging 2024) blir sett til 0

Prosjekt 70034: Trimpark ved turveg Byglandsfjord blir sett til 420 000 i 2025

Prosjekt 70035: Kjøkken kulturscene blir sett til 0 i 2025 og 450 000 i 2026

Prosjekt 70041: Kantklipper til traktor blir sett til 250 000 i 2025

Prosjekt: 70042: Hjullaster blir sett til 0

Prosjekt 70044: Lift blir sett til 0

Prosjekt 70045: Varebil Samfunn blir sett til 0

Prosjekt 70047: Planere tomter i Fjellvegen på Byglandsfjord blir sett til 1 500 000 i 2025

Prosjekt 70048: Bygge om gammelt renseanlegg Bygland til garasje. Blir sett til 0 i åra 2025 - 2027. I 2028 blir det sett av 100 000

Prosjekt 70049: Leikeplass Grendi v/Grendehuset blir sett til 150 000 i 2026

Prosjekt 70052: Fleirbruksbil blir sett til 0

Prosjekt 70053: Rehabilitering av sluser blir sett til 0 i 2027. I 2028 blir det sett til 1 000 000

Prosjekt 70054: Vinsj Bjorenhuset blir sett til 0

Frikjøp tomt Presteneset, Allstad AS blir sett til 1 000 000 i 2026

Bustad for prøvebo (leie for kjøp) blir sett til 3 500 000 i 2026 og 3 500 000 i 2027. Kommentar: Disse må sees som en del av omstillingsprosjektet, før investering må det lages klare retningslinjer og det må lages en prosjektbeskrivelse med tanke på gjennomføring. Skal vi kalle det leie for bo? Det skal også settes en leiesum som minimum dekker rentekost og utgifter, og skal kun brukes til "rekruttering" det vil si ikke for innbyggere som allerede bor i kommunen. Det bør også legges inn en klausul at den skal ut på det åpne markedet etter omstillingsprosjektet er ferdig dette vil kunne gi gevinst, men vil i allefall redusere kostnader i form av tap og vedlikehold.

Merknad frå administrasjonen: Prosjekt 70023 Kulturscena: Lys- og tepperigg ligg inne med feil sum i fleire av budsjettoversiktene i budsjettokumentet, og i IFK-planen. Korrekt sum er kr 400.000 inkl. mva. Dette blir endra i desse dokumenta etter endeleg vedtak i kommunestyret.

Vedtak:

Formannskapet godkjenner budsjettframlegget som det ligg føre, med desse endringane:

- Den totale driftsramma skal reduserast med 3 millionar (måltall) etter at kommunedirektøren har lagt fram forslag til kutt (samt konsekvensar) i det fyrste ordinære kommunestyremøtet i 2025. Forslaga må vere drøfta med tillitsvalde.
- Ekstra løyving til Frivilligsentralen/BUA på 50.000,- mellom anna til innkjøp av utlånskort til Brokke Alpinsenter/Bortelid alpinsenter, eller andre passende tiltak og utstyr. Ordninga skal vere forbeholdt innbyggjarar opp til 18 år, som er busett og folkeregistrert i Bygland kommune. Dekning: Disposisjonsfond.
- Ein ber om av vi i løpet av 2025 får ei sak på leigeavtalar/alternativt sal av Stoga og Brygga.

- Formannskapet ber om eit konkret kostnadsbilete for reparasjon av taket på Årdal kyrkje, samt kor kritisk tilstanden på taket er. Kommunestyret tek stilling til dette ila 2025.
Formannskapet tek stilling til Austad kyrkje på Tveit etter at forprosjektet knytta til «kulturkyrkja» har avklart investerings- og driftsbehov.
- Ramme for startlån på 30 millionar. Kommunedirektøren legg fram ei sak med konkretisering av korleis og av kven startlån skal handsamast for å sikre at ordninga blir effektivt og profesjonelt handtert. Saka må bli lagt fram for kommunestyret på fyrste ordinære møte i 2025.

Når det gjeld investeringsbudsjettet og handlingsplanen, viser ein til framlegga under behandling, lenger oppe i dokumentet.